

Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Dykker ref.

Vår ref. # 56972-v1

Dato 3.desember 2007

Høyringsuttale – Utkast til forskrift om støtteordning for produksjon av elektrisk energi frå fornybare energikjelder

Vi viser til Oed sitt utkast til forskrift og vil gjerne få kome med følgjande uttale:

Statleg vs. forbrukarfinansiert finansiering av støtte

Norge skiljer seg ut frå andre land i Europa ved å etablere støtteordningar som i vesentleg grad er finansiert med statlege midlar. Dette gjer at vi her i landet får større utfordringar enn andre med å designe støtteordningane i forhold til EU sitt regelverk. I andre land er regelen at støtte til fornybar produksjon av elektrisk energi vert finansiert over nettrekninga av forbrukarane direkte. Vi har difor større problem enn andre med å få på plass ordningar som er robuste nok i høve til pris- og kostnadsutvikling.

I mange andre land er dessutan støtteordningane i røynda vel så mykje innretta mot industriutvikling som energiproduksjon. Slike omsyn kan statsfinansierte ordningar vanskelegare ta opp i seg.

Dersom ein ønskjer å halde på statleg finansiering, vil ei ordning med PSO-kontrakter vere eit alternativ til den støtteordninga som er planlagt. Då vil Enova på ein aktiv måte kunne bidra til å få fram prosjekt og då slik at dei beste prosjekta vert realiserte først.

Avkortingsreglar

I praksis vert ikkje noko prosjekt starta opp før finansieringa er på plass. Og det fordrar normalt at ein vesentleg del av den forventa kraftproduksjon er selt på langsiktige kontrakter, gjerne 10 års kontraktstid. Med dei avkortingsreglane som er lagt inn, kan ein difor fort kome opp i den situasjonen at berre ein del av støtta vert utbetalt utan at den auka kraftprisen som vert lagt til grunn for berekning av slik avkorting, kjem

prosjektet til gode. Avkortingsregelen bør difor berre gjera støtteregime for den del av kraftproduksjonen som ikkje vert selt på langsiktige kontrakter.

Fast fundamentering

Vindkraft med fast fundamentering kan vere landbasert vindkraft eller botnfast, havbasert vindkraft. Å legge til grunn same støtteregime for desse to vindkraftområda er svært urimeleg.

Straks ein kjem ut på havet, vert forholda både for anlegg og drift annleis enn på land, sjølv om vindkraftanlegget er fast fundamentert på botnen. Her i landet har vi til no ingen prosjekt i drift, berre konsesjonssøkte. Men i utlandet er det ein god del erfaring med botnfaste installasjonar. Og alle desse trekker i same retning: både installasjon og drift er dyrare enn på land.

Det same bildet går fram av SWECO/Econ sin potensialstudie om havenergi for Enova.

Å nytte same støttesatsane for botnfast, havbasert vindkraft som for landinstallasjonar vil difor i praksis langt på veg kunne gjere slik utbygging uaktuell.

Med helsing

Vestavind Kraft AS



Håkon Sandvik

Adm.direktør